

*Kulturminne -
registrering
i Nordherad*



Innhald

Steinbrot i Nordherad.

Kleber	3
Skiferbrot.....	7
<i>Vatn, vassveiter og vatning.....</i>	9
<i>Fiske og fangst.....</i>	20
<i>Andre kuturminne</i>	22
<i>Kart datert 1755.....</i>	26

Forside

Hautsbilde frå Nordherad, foto A. Kvarberg.

Forord

20. mai 1999 var grendafolket i Nordherad invitert til eit ide-dugnadsmøte som vart halde på Midtli grendahus.

Målet med dette var å skape aktivitetar, enda meir trivsel og gjera innbyggjarane meir kjent i sitt eiga nærområde, og kanskje for einkvan få idear til næringsutvikling ut frå eigen ståstad.

Det vart nedsett ei styringsgruppe for områdetiltak i Nordherad.

Vidare var det undergrupper med kvart sitt arbeidsfelt.

Stiggruppe; rydde og merke gamle råk og stigar.

Husgruppe; restaurering av gamle hus.

Miljøgruppe; organisering av felles ryddedugnader, innsamling av skrot m.v.

Kulturmarkgruppe; gjerder, røyser, steinmurar og bruer.

Dokumentasjonsgruppe; innsamling og registrering av gamle foto samt intervju med eldre i grenda.

Kulturminnegruppa, fekk som arbeidsområde og **registrere** gamle kulturminne i Nordherad . Det kunne være skifer/kleberbrot, vassveiter, spesielle plassar, fiske og fangst og andre kulturminne.

Gruppa vår fekk følgjande samansetjing; Ragnhild Groven Aabakken, Ola O. Visdal, Kjell Brenden og Knut H. Ryen. Etter at Knut Ryen gjekk burt januar 2000, vart underteikna valgt inn her.

Vassveiter og ymse kring vatning vart ein stor del av gruppa sitt arbeide. Vatn har som ellers i Vågå og Ottadalen ofte vore minimumsfaktoren. Derfor er det etter heile grenda lagt ned eit særst stort arbeide på dette området attover i tida.

Med begrensa moglegheiter for transport var det og viktig å finne råstoffet så nær bruksstaden som mogleg. Skifer og kleber var material som trongst i samband med bygging og busetnad. Vi har registrert fleire slike forekomster i grenda.

Fiske og fangst har til alle tider vore utøvd. Anten som matauk eller som ei rein yrkesutøving i mangel på noko anna som kunne gje meir inntekt. Noko er registrert og nedteikna, men her finst sikkert meir.

Område og plassar det knyter seg spesielle hendingar til, eller har hatt spesiell bruk, har vi gjeve namnet, andre kulturminne.

Det som er registrert og skrivi er på ingen måte uttømande. Til døkk som veit om fleire minne eller meir om det som er skrivi. Vend døkk til ein av oss, eller skriv ned det du veit så det ikkje går tapt for ettertida. Vårt håp er med dette at det skal gje engasjement i grenda, og opne auga for kulturminneverdiane vi har rundt oss.

Nordherad, mai 2005
Asbjørn Kvarberg

OMRÅDETILTAK I NORDHERAD

Kulturminne

Steinbrot i Nordherad.

Kleber.

1. Kleberberg opp for Nordigard Viste. Kor lenge det har vore drift her, finst det ikkje skrifteleg dokumentasjon på, men berget har nok vore drivi og verdsett langt attende. Matrikkelskylda på Viste er stor, samanlikna med bruk på same storleik. Matrikkelskylda hadde utspring i landskylda og var i eldre tid det allmenne verdimålet for jord og dermed betaling av skatt. Matrikkelkommissjonen av 1665 skulle rekne om dei ulike landskyldvarene til felles mål. Matrikkelen er revidert fleire gonger, sist i 1886.

Etter opplysningar frå Ola Grindvold, f.1958, var det ein gammal tunnel som rasa att på 1800-talet medan folk var ute på kvild. Reiskapen, som t. d. hakkene, skulle ha vorte att inne. Inngangen til denne tunnelen var mykje lenger nede enn nå, i vestre svingen på vegen, nedanfor innkjøringa til Hågåsletta.

Nedanfor nåverande tunnel var det tunnel med inngang i retning mot Dalestugu. Tunnelen kunne vera 30 – 40 meter innover, og i enden var det eit stort rom med drift i fleire høgder. Det vart kjørt med hest innover, og i enden var det så stor plass at ein kunne snu. Tunnelen seig att etter at Hanslien starta med dagbrot lenger oppe i 1930 åra. I 1980 åra vart tunnelinngangen fylt heilt att for at kyr eller kalvar ikkje skulle gå inn der.



Fra Visteberget, foto A. Kvarberg

Noverande tunnel er opparbeidd av Olav Hanslien, og går 10 – 15 meter innover. Oppe i berget dreiv Hanslien klebermølle med produksjon av talkum. I Viste-ysteriet hadde han verkstad. Det kunne vera 10 – 12 mann i arbeid med uttak, på verkstad og i mølle.

Frå gammalt var kleberen brukt som emne til kokekar, omnar, peisar og gravminne.

Hanslien laga omnar, presslokk, bokstøtter og forskjellig anna. Den store drifta opphøyrd sist i 1940 åra.

Det blir framleis teke ut kleber frå her, som Harald Hanslien arbeider fram; han dreiar lysestakar, små gryter o.l. på verkstaden sin på Lalm. Kleberen frå Viste inneheld mykje talkum og er difor lett å arbeide med, men er ikkje av den mest haldbare.

2. Kleberberg sør for Dalen, på skogteigen til øvre Kvarberg, langsmed stigen som går frå Resvollsvingen til Dal-geilen. Her ser ein tydelege merke, halvferdige emne etter at det har vore hogge på fleire stader i ei lengde på ca. 20 meter.



Kleberberg sør for Dalen, foto A. Kvarberg

langsmid stigen som går frå halvferdige emne etter at det omnsplater, kanskje til tørrstuguomnar sidan kleberen her er spesielt hard med mykje «eitilar» Ein plass ser vi ein stor runding som kan minne om ei baksthelle.

Når det gjeld reiskap, kan nemnast *spette* som vart brukt til å hogge med. Dette liknar på eit grev, men er bøygd motsett veg og kvesst på ein annan måte. Dei hogg *tveiter* rundt emnet og innover til emnet var passe tjukt. Det var viktig å ta omsyn til kløyven i berget.

Blokkene vart deretter bleggja laust med kiler. Tveitene og merka etter spette syner på fleire plassar her.

3. Hummelgjelet, heilt nede ved Finna elv. Her har det vore hogge plater til peiskinner, etter storleiken på emnet å døme. Kleberen her skulle vera god peis-stein. Emnet til peisen i nedre stova på Brattland skal vera hogge her. Dette huset er nå flytta til Brattlandsætra.

4. Kleberberg nord og ned for Runningsætra, tidligare sæter til N.Kvarberg i Nordheradslia. Området ligg opp for Ørnberget, rett overfor Horten i Skårvangen. Kleberberget ligg i eit svært ulendt område, og dei som har vore her, kan vanskeleg skjone korleis det var mogleg å frakte noko frå her. Dette vart «oppdaga» på nytt av Knut H. Ryen (1923-2000) truleg ein gong i tida 1940-45. Han var i Runningsætra, og gjekk derfrå ein tur ned til Pottet, ein plass heilt nede ved Finna, og oppatt under Ørnberget, til venste. Da oppdaga han at det var hogge stein til peis eller omnar. Det visest at det er hogd i 3 høgder, 5-6 m langt. Inntil i 1997 var det truleg ingen andre som visste om dette.



Ørnberget mot Finna og Skårvangen, foto A. Kvarberg



Kleberberg ved Ørnberget, foto A. Kvarberg

Kleberen ser ikkje ut til å vera av beste kvalitet. Her er og to personar som har hogge inn initiala sine. JON syner klårt, men HANS derimot er noko meir utydeleg og vil med åra forvitre ettersom det dryp vatn ned på desse bokstavane.

5. Innafor Teppingsmyra, - som begynner ved nørde Tverråa, til høgre for den fjellryggen som går oppover mot Svartskurden. Her er også forekomster av kleber. Nokon har freista å finne seg emne til eitkvart også her.

6. På fjellet i solsida av området Knutshø - Ruphø - Svartskurden har det vore arbeid på fleire stader. Her kan ein finne kanalar med skrotstein på sidene. Bilda er frå eit brot ved Svartskurden. Her ser ein det er plater til peis-kinner som er tekne ut. Det har tydeleg vore brukt sag her, så dette kan vera av dei yngste brota. Her fann Ivar og Ole Byre to steinar til peisen i huset dei bygde i Hellelykkja. Her hogg også Hans P.Kleiven peisen til fyrste huset i Jordet da han bygde opp heimen sin der etter at han hadde kome frå Øvre -Kleiven, lenger vest i grenda.



Kleberdrift ved Svartskurden, foto A. Kvarberg

7. Vest for Berge-setra på søre Nistingen er også kleberberg. Her ligg det att emne til omn eller peis. Platene er 10-12 cm tjukke, ca 50 cm høge og 80 cm lange. Området er mellom Legobakkane og Langhaugen. På ein stor stein eller bergnebb på same staden har gjætarfolk, turgåarar eller «bergmenn» sett att bumarka sine med årstal. HSBJ? 1877, kven dette nå kan vera. Iva (f.1903) og Otto Bakke (f.1894) har også sine bumark her, blant mange fleire.



Kleber vest for søre Nistingen, foto A. Kvarberg

8. Det er også registrert forekomst og merke etter at einkvan har arbeidd etter kleber, ved Heimsæter-tjønn. Tydelege spor etter hogging og mange namn.
9. I Kleberdalen, som ligg ned for Heimsættertjern, syner det også etter at nokon har rydda og arbeidd ut emne.

Kjelder: Erling Valde
Ola Viste Grindvold
Knut Raastad
Knut H. Ryen
Øistein Kvarberg
Kjell Brenden

Skiferbrot.

Vi kjenner til at det frå gammalt har vore skiferbrot og drift på fleire plassar i Nordheradslia. Bruksområdet kunne vera så mangt, fyrst og fremst til tak på hus, til kjellar-tak, heller til tørrstugu-skjellar og til båsdele i fjøs. Etter at det kom malmomnar, vart også skifer festa på veggen mellom omn og vegg som brannsikring.

På Helle-teigen heilt ned til Finna, rett overfor Skjedsvoll, er truleg den plassen det har vore arbeid mest og lengst attende i tid. Ola Resvoll og Knut Hesthagen arbeidde her så lenge at dei bygde ei kvilarbu. Bua var kledd med skifer på utsida og panel inne, elles var det skifer på golv og tak. Dei budde der blant anna under flaumen i 1938, og det har vore fortalt at dotter til Ola også budde der desse flaumdagane.



foto Knut H. Ryen

Likeeins har det vore arbeid mykje i Berge-berget ved sida av Helle-berget. Truleg ein av dei siste som arbeidde der, har hogge inn H.O.S.J. Årstalet var 18... noko og åtti. Området vart rasert da stordrifta starta for fullt med maskinar frå 1964 og utover i ca 25 år.

Med Jon Hølmo frå Otta som kjentmann og pådrivar vart det arbeid veg frå sætervegen og ned til Hellberg-hytta som Ola Resvold og Knut Hesthagen bygde i 1930 åra. Jon Hølmo arbeidde tidlegare i selskapet "Skifer og heller" på Otta.

Frå 1964 og utover utvikla det seg nesten som ein gullfeber innan skifer i Nordheradslia. Det vart etter kvart skiferdrift på fleire teigar og plassar.

Resvold kjøpte i si tid sætra og skogteigen til Helle. Ved seinare rettssak og dom fekk dei retten til eventuell skifer ovafor den gamle vegen ned til skiferbrotet ved Finna. I skjøta frå Helle til Resvold stod det at seljar heldt att "skiferbrudd nede ved Finna".

Hans A Resvold begynte å leite etter skifer i dette området og fann store forekomster. Etter ei tid leigde han bort til firmaet Kanapin Import og Eksport. Frå 1966 starta òg A/S Eidefoss skiferdrift. fleire plassar i bygda, også i Nordheradslia. Eidefoss leigde "heile" Nordheradslia, - unntatt brotet nede ved Finna - også det området som Kanapin hadde leigd av Hans A Resvold på Resvoldteigen. Kontrakt med Kanapin Import og Eksport og Eidefoss vart undertekna 21. juli 1967.

Det vart òg bygd ny veg frå sætervegen og opp i Tverrå-brotet. Eidefoss hadde i ei periode 35 mann i arbeid i skiferindustrien i Vågå. I tillegg til skifersag i Vågåmo, dreiv dei brot ved Klonessetra, på Vågårusta, og i Nordherad nemnt med Resvold I, 4 mann, Resvold II, 3 mann og Tverrå, 3 mann. For Eidefoss sin del vart det vedteke å avvikle skiferdrifta 3. september 1973. Verksemda var seld til A/S Granit, som også hadde skiferdrift på Otta. Seinare overtok Riber & Søn som kalla verksemda Skifer og Naturstein.

Det har dei seinare åra vore svært god avsetnad på skifer innanlands, både i samband med OL på Lillehammer og utbygging av flyplassen på Gardermoen.

Andre som dreiv med skifer i Nordheradslia, var Gunnar Resvold. Han dreiv på eigen teig på båe sider av sætervegen, men på innsida vart det mest skrotstein. Sigurd Ø. Hølmo dreiv ei tid, helst om vinteren, på Fellese-teigen, som er på oversida av sætervegen, med skrottipp på Hellelykkjeteigen på utsida av sætervegen. Han dreiv også litt på Resvoldteigen, på utsida av veggen. Skiferen vart seld til firma på Otta.

I nordre Tverrå, vest for Langmyrene - dit Eidefoss gjorde veg opp frå sætervegen ca 1968 -, har det vore skiferbrot frå gammalt. Det er fortalt at tidleg på 1900 talet var Knut Hesthagen med mor si på tur til Liasætrene. Dei gjekk da råket som gjekk og går nedover nord(vest) for Langmyra til sør-sætrene. Dette råket heiter Hellberg-råket. Knut hugsar han såg det hadde vore arbeid i berget. Pål J. Valbjørsløkken fann stein og klypte hanskebak til halve taket da han bygde huset i nedre Valbjørsløkken etter krigen. Etter at maskinane overtok i Tverråbrotet i den tida Eidefoss hadde drifta, vart det vanskeleg å bruke Hellberg-råket forbi steinbrotet.



foto Knut H. Ryen

Opp i Valbjørsteigen, på/ved Hellbergranden, nedanfor Liaberget, tok Pål Jordet og Knut Hesthagen ei «prøvedrift» sist i 1940 åra. Dei hadde berre handreiskap, som hakke, spade, spett og trillebåre, å hjelpe seg med så det vart ikkje så stor gruva. Dei fann ein del god takstein. Taket i gammelstugu i Uppstad, heimen til Pål Jordet, vart funne her. Det var Knut H. Ryen som køyrde skiferen ned. Han var gardskar på Valbjør den vinteren. På denne tida freista også Jon Hølmo med drift her, han som fyrst i seksti-åra starta opp att ved Finna.

I seinare tid har fleire arbeid etter skifer i området Hellbergranden utan å finne større drivverdige forekomster. Kanapin starta opp i siste halvdel av 1960 talet. Seinare prøvde Øystein O. Hølmo, og nå sist åra har Kanapin byrja att. Det er Hølmo som har leigeavtala med Valbjør. Drifta har ikkje vore samanhengjande.

Kjelder: Knut H. Ryen
Hans H. Kleiven
Kai Valbjør
AS Eidefoss -arkiv

Vatn, vassveiter og vatning.



Holfonna, foto A. Kvarberg

I eit nedbørfattig område som Vågå kan vi forstå at vatnet hadde stor verdi for å få avling til «folk og fe», og spesielt i desse turre bakkane i Nordherad. Det trongst vatn til vatning av åker, eng og potetland. «Vatnarvatnet» vart også nytta til vatning av dyr og til reinhald. Derfor har det nok vore eit uhorveleg arbeid å få det fram dit det skulle. Det syner desse lange veitene frå langt inne i fjellet. Med berre grev og hakke var dette langsiktige oppgåver å byrja på. Sjølv vasskjeldene var Dippertjern, innunder Skaihø, nørde Åa og i tillegg søre og nørde Tverrå i Nordheradslia. Dippertjerna var også oppdemd. Dipra renn ned ved Grevruste og Grev. Elva gav høve til uttak til fleire veiter. Om det ikkje er samanhengjande nett av vassveiter, har dei fleste bruk ordna seg på eitt vis heilt frå Kvarberg-gardane lengst sør i grenda og til gardane ved grensa til Lom. Kva tid arbeidet med desse lange vassvegane begynte, er vanskeleg å tidfeste. Landnåsmennene som kom til Island etter 870 vatna eng. Kunne dei ha teke med seg røynsle frå Noreg? I 1681 var det tvistesak om vassrettar mellom Berge-gardane og Valde-gardane. Dette gjev derfor prov på at anlegga er over 300 år sjølv om mykje kring vatn og vatning har vore knytt opp mot «Vass-Per» frå Skjåk 150 år seinare.

Ein reknar ikkje med å ha opplysningar om alle vassvegane som har vore i bruk. Fyrst og fremst har vi freista å registrere dei anlegga som kravde mykje arbeide både til opparbeiding og drift.

Før ein byrjar å skrive om dei enkelte veiter, skulle det passe med diktet

Siste Lo av Jo Turtumøygard

Folket i bakkom paurar,
plassar i kvar ei ro.
Karar på åkrom stegar,
ber inn si siste lo.

Trevar på åkerhaugom
minkar så smått om senn.
Rotloden mann med lobørd
ligg i, så sveitten renn.

Side og vide børd
seint etter åkrom fer.

Under den ruvne loa
streitar det menn og ber.

Opp mot dei smågrå husom,
inn mot kvar låvedør,
stegar dei trøyte føter
seinar for kvar ei børd.

Kvardagen er i grenda
kvelden er hauststill ro.
Åkrane ligg att snøyde,
inné er siste lo.

1. Øvre og Nedre Kvarberg har felles vassveit frå bak Svartskurden, frå nørdre Tverråa, for så å ta vatnet ut att litt lenger ned i veit til søre Tverråa for så vidare å ta vatnet ut att lenger ned i søre Tverråa. Her vart det i dei fyrste 20 - 25 m brukt store trør som også låg der i år 2000. Vidare gjekk vatnet i veit langsmed og ovafor Langmyrene til Kvarbergsveita kryssa Feleseveita på ei stor skiferhelle med torv på kanten. Dette kulturminnet er øydelagt av maskinar i samband med vegbygging for ein del år attende. Vidare gjekk veita ned forbi Krossen mot Kluffsteinen, delvis i tro og delvis i veit. Det vart brukt trør der grunnen var grov og veita «drakk». Vidare gjekk veita ned bak Skogvang, ned gjennom hamnlykkja i Hesthagen eller sørover i Geilhaugen, alt ettersom kvar vatnet skulle nyttast.. Ved porten på Nigard Kvarberg var det grave ned ei lita uthola tro slik et ein kunne kjøre over med kjerre eller slea. Det var her gamle Nordheradsvegen gjekk, så det kunne ikkje liggja noko i vegen. Det var åkrane som helst vart vatna, Hågååkeren, Hågåbakken og Grytingen på Nigard og Gullfjøringen og Gullbrandbrotet på Uppigard. På den tida var det teigbyte og det skulle vera brukt klufftro for å dele vatnet likt.

Kva tid dette anlegget vart bygd og når det kom ut av bruk, kan vi ikkje seia, men Øistein Kvarberg brukte det ikkje etter at han tok over garden i 1953. Det vart likevel sett på vatn om vårane. Dette hadde innverknad på vatnet i brunnen og i Geilkjeldene på Uppigard utover sommaren og hausten. Det vart også påstått at dette hadde verknad på råmen i jorda og vatn i brunnane fleire plassar i søre Nordherad. Av dei siste som hola vasstrør på Uppigard Kvarberg, var Rolf Stordalen.



Vasstro fra Kvarbergs veita, foto A. Kvarberg

Vatn frå Kvarbergsveita gav også kraft til kvernsteinane i Dalkvernhuset, som stod bak Skogvang. Det er ikkje restar å sjå etter dette huset i dag.

Likeeins hadde Nigard Kvarberg kvernhus i geilen innafor husa på Uppigard Kvarberg. På den tida åtte dei både Geilhaugen og skogteigen bakover i Bronsdalen. Helle og N.Kvarberg bytte skogteigar, slik at det er Helle som grensar til Uppigard Kvarberg i dag. Uppigard Kvarberg hadde «Quernstøe i Tessen Elv», som det står i pantebok no 6 (1834-1839) tgl 19. des 1835. Kvernhuset hadde dei saman med fleire gardar.

Kjelde: Øistein Kvarberg

2. Felese har vassveit som startar ved ei lita tjern på baksida av Nordheradsfjellet mellom Skaihø og Knutshø. Enkelte nemner startpunktet som Kinn eller Åljemsåa, bekken som renn ut av denne tjerna. Veita går på baksida av høene, nesten oppunder fjellknausane til opp for sør-sætrene. Der blir vatnet slept nedover i ein bekk, nesten ned til Visdalsvegen. Derfrå går veita ovafor Visdalsvegen heilt til synst med Langmyrene. Der møtest Felese- og Kvarbergsveita og kryssa kvarandre på ei stor skiferhelle med torv på kantane. Vidare i veit framover til Krossen, Krosshaugen og nedover langs med Klufsteinvegen, ned ved hjørna på Feleselykkj jordet, - innpå jordet og nedover her, vidare utover Rydlands-jordet som den gong var hamnlykkje til Felese. (Hans Ryen byrja å rydde i Rydland i 1922) Ned gjennom berga gjekk vatnet i trør som greina seg i tre nede på jordet innafor garden. I eit skriv frå 1974 skriv Iver S Ryen at « i Tverrågelom gjekk vatnet i oppvaglia stortrør». Feleseveita er over ei mil lang. Det skal ha vore Hans Olsen Walle som fekk bygd dette anlegget. Han var lensmann i Vågå 1832 - 1878., gift til Felese- med Kari Olsdatter Felese i 1834. Feleseveite er stikka av Peder P. Dagsgardøydegard, som gjekk under namnet Vass- Per (1781 – 1846). Han fann opp ei vatervåg, så han kunne arbeide vatnet fram etter fjellet, over myrar, urder, sletter og dalsøkk. Når ein ser på veita ymse plassar i dag, kan ein undre på kva veg vatnet rann. Vass-Per sa seg også god for å fylle opp Sandnestjerna lenger vest i grenda ved å leggje ut vatn og la det øyre masse nedover frå bakkane ovanfor.



Starten på Fellesveita - bak Skaihø, foto A. Kvarberg

Felesebrukaren, lensmann Walle, hadde sett seg som mål at han skulle avle like mange tønner korn som året hadde dagar etter at han fekk fram vatnet. Men sjølv om anlegget var utan tekniske innretningar utanom trørne, gjekk ikkje alt som det skulle. Veita «drakk» vatn på fleire plassar der det var grov grunn. Medan Einar Ryen åtte Felese (selde i 1923), fekk han Ola og Anders Resvold til å ta opp att veita for å få fram meir vatn, men arbeidet skulle ha vore meir eller mindre mislykka.

Helle hadde vatn frå Hellebekken som renn ned ved Valbjør, Byre og ned i Vågåvatnet ved Strinda. For dette skulle Helle betale årleg avgift i form av "1, een Mæhle Byg til Eier af Gaarden Valberg." Dokumentet er tinglyst 5. og 6. juni 1845. I tillegg hadde Helle vatn frå Søre bekken, som renn ned ved Hellelykkja.

Feleselykkja og Stavseng derimot hadde vatnarvatn frå Feleseveita.

Kjelder: Knut H Ryen
Sigurd H Ryen
Iver S Ryen, skriv om Felese frå 1974
Utskrift av pantebok for Nord-Gudbrandsdaal sorenskriverembete nr 7 (1839/1852) Fol 250b

3. Dalen hadde vatnarvatn frå Tvibytemyra, ei myr på Feleseteigen på utsida av vegen bak i Nordheradslia. Vatnet gjekk delvis i trør og delvis i veit. Det er lite å sjå att til Daltrotaket nå, men i skiftet mellom Brattland-teig og Øvre Kvarberg- teig ligg ein kross som er spikra i hop med en stor heimsmidd spikar. Her har det vore brukt trør over nokre bergestaup. Vatnet går sørover på utsida av Dal-hytta og vart brukt på baa sider av Dal-berget.

Kjelde: Øistein Kvarberg

4. Resvold hadde trotak frå dokka ned for Fjellheim. Mykje av tilsiget var lekkasje frå Felese- og Kvarbergs-veita. For å kunne nytte vatnet på haugen nord for Rydland, var det montert trør på høge stolpar. Dette vart brukt til ca 1948.

Kjelder: Knut H Ryen
Sigurd H Ryen

5. Valbjør har veit frå Teppingsmyra der nordre Tverråa byrjar. Veita går rundt bakfor Bukkehaugen og ned i søre Tverråa. I seinare år har Kai Valbjør bygd opp att anlegget med å laga ei demming under Bukkehaugen der søre Tverråa begynner, og rusta opp at veita med gravemaskin, og også ved bruk av røyr der grunnen var grov og mykje vatn gjekk tapt. Det er også grave basseng til å samle vatn i nedanfor Visdalshaugane og Grøndokkje, like i vegkanten.

Kjelder: Knut H Ryen
Kai Valbjør
Gunnhild Løchen

6. Nigard og Uppigard Visdal, og Mo har veit frå Svarthåmårbekken. Denne har tilsig frå Rupslekkjom og heile vegen sørover. Men allereie her møter vi òg vatn frå Dippertjern. Storprosjektet, som er kalla Storveita, går frå demming i Dippertjern, med damluke for å regulere vatnet til veita. Storveita, som endar i Svarthåmårbekken, skal vera stika av Vass-Per, som er omtala ved anlegg av Feleseveita. Når ein følgjer storveita sørover fjellet, ser ein at det er fleire område der det er vanskeleg å få vatnet vidare. Det er dalsøkk, myrdrag og grusrandar. Mange stader er det mura og

plastra med torv og never. Veita er eit stort kulturminne og verd ein tur. Her var også damvaktarbu, og elles var det tilsett «tilsynsmann» for veita. Avtale som regulerer rettar og ansvar, er tinglyst 21. november 1899. Når det ikkje var tilsett damvaktar, var tilsynet lagt til dei enkelte bruka etter oppsett årleg plan.



Dippertjern, foto A. Kvarberg

Attende til vatnarvatnet til Mo og Visdalsgardane, som vart ført i veit frå Svarthåmårbekken til Gjerdmillombekken (som òg er kalla Visa. I Visteron vart same bekken kalla Grove). Dette vatnet har Visdalsgardane og Mo eineretten til og eineansvaret for vedlikahaldet av denne vassveita. Om våren skulle veita reinskast før vatnet vart slept på. Når dette var gjort, var tilgangen på vatn så stabil at ein trong berre å føre vanleg tilsyn. I turre somrar kunne vatnet bli borte i denne vassveita på turen frå Svarthåmårbekken og ned i Storslokka, der veita munnar ut i Gjerdmillombekken. For å bøte på dette har gardane erstatta veita med jarnrøyr over verste strekninga forbi Storhaugen (Mosstorhaugen)

I 1947 var ein slik turrssommar. Det kunne vera godt med vatn i inntaket til veita frå Svarthåmårbekken, ja det kunne vera opp til 4 – 5 vatnarvatn i inntaket som vart borte på turen til Storslokka . Da var det å vatne om natta. Vatnet kom att slik ved 11-tida om kvelden, men når det leid til dugurds neste dag, var det borte att. I slike turrssomrar måtte gardane skifte på å vatne. Mo hadde rett på to dagar (2 vatn) medan Visdalsgardane hadde rett på kvar sin dag (1 vatn kvar)

Frå Gjerdmillombekken i Storslokka gjekk vatnarvatnet til Visdalsgardane i veit - bortsett frå over Leirranden der vatnet gjekk i trør til bekken i Keilykkja, som tilhøyrrer Uppigard Visdal. Frå denne bekken hadde Nigard Visdal alt sitt vatnarvatn, medan Uppigard Visdal tok sitt vatnarvatn frå denne bekken, frå vassveita frå Storslokken og frå Gjerdmillombekken, alt ettersom kor på jordet dei vatna. Vatnet frå Gjerdmillombekken til Keilykkja går nå i plastrøyr.

Det var ein dagleg prosedyre å setja på og av vatnet oppe i Gjerdmillombekken. Dette var fordi det kunne vera ein viss risiko å la vatnet renne i vassveita om natta dersom det ikkje vart vatna om natta.

Vatnarvatnet til Nigard Visdal gjekk i trør sørover (austover) til halvmidt på Ekra om lag 75 m nordafor Olalykkja. Frå dette trotaket gjekk det så 3 trotak nedover jordet, kvart på frå 100 til 175 m. Desse trotaka førte vatnarvatnet vidare til "fera" i åkrane og til vassveiter som var brukte til å leie vatnet vidare utover grasmarka og ruskeslåttan.

Elles gjekk det eit trotak på vel 200 m frå bekken like ovanfor smiu nordanfor garden og sørover utanfor husa på garden og nedover Krokteigen, og dette enda opp i vassveiter ovanfor nørde Ekkerlyu. Frå dette trotaket gjekk det òg eit trotak nedover Bakkeåkeren som gav vatn til vatning av dette jordstykket, som vart brukt som åker fram til nyare tid.

Det var òg mindre trotak lenger nede i jordet som var brukt til å føre fram vatnarvatn. Desse var stuttare, men var viktige for å føre vatnet dit det skulle vatnast.

Trotaka som vart brukte til å føre fram vatningsvatnet på Nigard Visdal, vart nok minst 1300 – 1400 m til saman. Dei kravde utruleg mykje vedlikehald, og det var ei lita onn til kvar vår med å laga nye trør til erstatning for trør som var utslitne, rotne eller som av andre grunnar måtte skiftast ut. Dei 5 trotaka nedover jordet vart for ein stor del demonterte under onninga, enten det var skur eller slått, og lagt på plass att neste vår. På denne måten kunne trørne bli utsett for hardhendt behandling, ja, somme kunne begynne å rulle og slå seg sund, bratt som det var somme stader.

Trør som skulle skiftast ut, måtte sjølvstarkt erstattast av nye. Ein fekk innmeldt troemne i Langmorkje allmenning. Dette var å hogge og kjøre heim på vinterføre. Ein måtte ikkje vera likehendt om vyrket til trør. Dei skulle helst vara lenge, dei skulle gjeva god plass for passasje av vatn, og emnet skulle vera lett å arbeide. Det var ikkje kven som helst som kunne "hållå" trør. I seinare tid var det ein i grenda som var ekspert på slikt arbeide, Hans Lillehagen. Han var ofte på Nigard Visdal og "hållå" trør. Dette arbeidet kunne vera farleg, men Hans hadde handlaget med øks og teksle, og utrusta med det tolmodet som skulle til i slikt arbeid.

Tida for slikt arbeid var i vårløysinga når føret vart dårleg for kjøring, men før våronnarbeidet tok til. Som regel var det da att ein månad før trørne skulle leggjast ut, og på den tida turkast dei òg noko i vårveret slik at dei vart lettare å ha med å gjera.

Å gå over og sjå etter korleis det stod til med trotaka, skifte ut skadde trør, legge på plass trør og reinske opp vassveitene var til vanleg første arbeidet etter våronna, og deretter starta vatninga.

På Nigard Visdal treng alle delar av jordet vatning for å kunne gjeva avling. Jord med sjølvvråme er det lite av. Frå over 50 år sidan vart godt som heile jordet hausta. Ruskeslåttan, ljåslåttan, gjekk til sau- og geitfor, medan maskinslåttan gav høyr for ku og hest. Derfor vart godt som heile jordet vatna. Dette gjekk i tidlegare tider i vassveiter, "fera" som dei òg vart kalla. Dette gjaldt ruskeslått så vel som dyrka grasmark og åker. Den dag i dag ser ein restar av vassveitene som vart brukte til vatning i Brattbakka, Olderskriubakka, Nylyubakka og elles der det var ruskeslått. Vassveitene vitnar om dugande arbeid frå dei som la veitene. Dei har nytta alle moglegheitene som kunne gjeva best mogleg vatning samstundes som vatnet vart nytta fullt ut. Ikkje minst måtte dei leggja til rette for at vatninga ikkje førte til utgraving av jorda. Da vart det lett skriu i desse bratte bakkane.

Vatning i åkrane gjekk føre seg med skjeltreko. Å renne på frå ferane ville nok øyre ut jorda. Men på grasmark vart det rent på. Dette gjekk for seg på den måten at ein begynte nedst på stykket som skulle vatnast, i nedste veita og i bortaste enden på veita i forhold til vassinntaket. For å få fordelt vatnet, stakk dei ut eller grov ut sting med vasssteksle frå vassveita for å fordele vatnet. Kor mange sting dei nytta for kvar gong vart bestemt av kor langt det skulle vatnast nedover, og kor mykje vatn ein hadde å rutte med. Desse stinga sto opne til neste gong det vart vatna utor denne veita. Grunnen til at dette vart gjort, var at vatnet ville renne fort over og nedi veita nedanfor før det begynte å drikke ned, når det vart vatna frå veita ovanfor. Vatnet som på denne måten hamna i veita nedanfor, rann da ut i dei stinga som stod att opne. Dersom stinga i veita nedanfor hadde vorte tetta, ville overflaumsvatnet frå veita ovanfor samla seg bortast i enden på veita, og resultatet kunne vorte jordskriu.

Sjølvs med det vesle som er sagt ovanfor om vatninga før i tida, forstår ein at dette å vatne med skjeltreko frå fera i åkrane, og å vatne frå vassveiter i grasmarka, var eit arbeide som kravde skjønsemd og omtanke. Det var ikkje berre å sleppe på vatnet og la det renne dit det ville. Ein måtte følgje med og utnytte lendet og vatnet på den best moglege måten. Vatninga var med andre ord eit arbeid som sette store krav til den som utførte det.

Men som alt anna har dette med vatning utvikla seg i framover i åra. Der det er så bratt, var dette å kunne vatne åkrane med ein slange eit stort framsteg i staden for med "fera" og skjeltreko. Dette gjekk ut på å føre vatnet frå ei samletønne gjennom ein slange av hamp, ein slik som vart nytta til brannvern, til eit munnstykke som vatnet vart spreidd gjennom. På dette munnstykket var det påmontert ein "skolv" som vart brukt til å fordele vatnet med så heile sirkelen fekk vatnet fordelt. Elles ville det ha vorte vanskeleg å vatne indre del av sirkelen med heil stråle. Dette munnstykket måtte ein stå med for å fordele vatnet jamt utover den sirkelen ein vatna med kvar flytting. I vind og surt ver kunne dette vera ein kald jobb, men likevel var det eit langt steg frå det å vatne med "fera" og skjeltreko.

Største framsteget kom med vasspreiaren, vatnaren eller som òg vart kalla sjølvvatnaren. Dette vart ein liten revolusjon. Sjølvs om vassleidningane ikkje var nedgravne og låg permanente, blir det spara mykje arbeide. Ein kunne drive med anna arbeid medan ein vatna.

Frå siste verdskrigen kan ei spesiell hending nemnast. Tyske soldatar hadde sett ein skare med folk tilsynelatande med våpen på aksla gjekk innover fjellet. Tyskarane kom og slo seg til i Ulsbustugu nokre dagar. Det viste seg at «soldatane» inne i fjellet var gardbrukarar som dreiv og ordna med vatnarvatnet og hadde gått med spade på ryggen.

Kjelder: skrifteleg Ola J Visdal
munneleg Ola O Visdal

7. Huse hadde før vatnarvatn frå Lusa. Det var overskotsvatn sør og ned for Visdalsuttaket. Men dette kunne bli berre så som så. For det fyrste at det berre var overskotsvatn frå Visdal og Mo, vidare var det sett restriksjonar med vatning til 1 dag i veka. Seinare vart vatnet teke frå Søre Åa, med trotak over Svarthåmårbekken og til tønne øvst i jordet i Huse.

Kjelder: Ingeborg og Olav Skøgen

8. Ulsbu og Berge-gardane hadde også rett til vatn frå «Dippertjernvandet», som det står panteboka, tgl. 1899. Ulsbu tok ut vatn av Åa der søre Åa og Svarthåmårbecken møtest, ned for uttaket til Uppigard Viste. Vatnet gjekk i trotak ut av gjelet, veit ut for Moshuset, der nørðre stugu står i dag, vidare ned i Ulsbutjerna, som vart nytta til magasin. Når det var lite vatn, var det praktisk å samle vatn her om natta, for så å kunne nytte spreiar neste dag. I nyare tid kosta Kristoffer plastroyr frå oppe i gjelet. Tidlegare skal vassvegen til Ulsbu ha gått heilt frå nørðre Åa og over tunga inst på Hovdkinnsletta.

Kjelde: Kristoffer Ulvsbu

9. Viste, Valde og Sande

I tidlegare tider hadde Viste, Valde og Sande vatningsvatn frå Senda (Åa). For å få meir vatn enn den naturlege vassføringa gjekk det ei storveit frå bekkene i Reinskyrkja innunder Skaehøa innanfor Storhaugen og ned i Åa i Holfonna utanfor Holfonnhaugen. Dippertjernet var oppdemt slik at det var magasin å ta av når det elles var lite vatn. Veita frå Dippertjernet går sørover med svært lite fall og passerer den andre veita like sør og innfor Storhaugen og vidare sørover innfor Holfonnhaugen. Ved hjelp av ei tro gjekk vatnet over nørðre Åa og vidare i ei veit heilt til Svarthåmårbecken. Kor gamle desse veitene er, er vanskeleg å seia, men veita frå Reinskyrkja er truleg den eldste. Magasinet i Dippertjernet er truleg bygt seinare.

Det var heile grenda mellom Viste/Visdal og Sandnes/Åbakken som var saman om Dippertjernanlegget, men i avtala frå 1899 skulle ikkje Visdal, Mo og Viste ha vatn frå nørðre Åa. Dette kan ha vore ein måte å fordele vatnet på etter at dette anlegget vart bygt, men helst på grunn av gamle rettar til nørðre Åa og veita frå Reinskyrkja. Ansvaret med å sjå etter veita frå Dippertjernet haust og vår gjekk på omgang mellom gardane, men etter at ein gard ikkje gjorde plikta si, rasa ho ut slik at ho gjekk ut av bruk. Dette må ha vore mellom 1900 og 1920.

Viste - hadde vassinntak i søre Åa, der Huse har inntak i dag, deretter gjekk vatnet i tro over Svarthåmårbecken og vidare i veit ned i Lusa øvst i Husejordet. Vatn frå Svarthåmårbecken vart truleg ført inn i denne vassvegen. Omlag 50 meter ovanfor vegen til Mork var det veit ut av Lusa. Over Mosjordet var det trotak. For dette skulle Vistegardane betale leige med korn. Vatnet gjekk i ei veit innanfor Holsmyra, og ned i Breigeilen i skiftet mellom Mo og Nermo. At Holsmyra var myrlendt, skriv seg kanskje frå lekkasje frå vassvegen. Vidare gjekk vatnet i veit i inste kant av Ulsbutjernet. Sjølve tjernet høyrde berre Ulvsbu til.

Frå Tjernflata gjekk Visteveita mellom to haugar og vidare nedover til innanfor nydyrkinga til Dalestugu. Der denne veita gjekk, er det ope botn slik at det vart borte mykje vatn. Vidare gjekk vatnet i trør nedst på Dalestugu, utanfor Hågåsletta øvst i Gullfjøringa, oppå berget like ovafor husa på Uppigard og vidare etter bergesida. Trotaket gjekk vidare forbi toftene på Nigard og enda i Nordigard-Valde.Strinda. At vatnet gjekk heilt til naboeigendomen, har vel samanheng med at nørðre delen av Nordigard-Valde-Strinda var jorde på Viste til sist på 1800-talet. Jorda høgare opp enn dette trotaket kunne vera vatn frå Hellebekken. På Uppigard Viste vart det slutt med vatning ovanfor tidleg i 1940-åra. Det vart begynt å vatne frå elva i 1949. På Nordigard Viste starta dei tidleg i 1950-åra.

Valde - hadde inntak i nørdre Åa like innanfor Åbakken. Vatnet gjekk i trotak som låg nedpå ein varde heilt nedst på tunga ovanfor tørrstugu og vidare over søre Åa. Vidare gjekk veita utanfor eldhuset i Bergehaugen, nedover geilen og med trotak midt over øvre del av Nigard Berge-jordet. Vassvegen kom fram ein del høgare enn geilen innanfor Ulsbu (kanskje omlag der vegen til Mork svingar) og gjekk vidare langsmed Ulsbuhafella og ned på Grettshaugen der veita delte seg til Nordigard og Sygard, men Nordigard brukte Sygardsveita til vatning av Leåkeren. Når det ikkje vart vatna, vart vatnet slept ned i bekken i Dale. I Valdegardane vart det vatna frå elva i 1932. Over Bergejordet låg trøene att til utpå 1950-talet.

Når Valdegardane hadde vassveg i hop, og Vistegardane tilsvarande, har det samanheng med at det var teigblanding, og vatnet skulle såleis fram til jordstykke som låg om einannan. Men samtidig tyder dette på at vassvegane er frå før gardane vart delte.

Vatnet og vassvegane var så viktige at dei kunne skape konfliktår. I rettargang frå 1681 ser det ut til at Ulsbu har lagt inn jord og flytt hafeller, og at dette hadde kome i konflikt med råk og vassveg til Valde. Jon Ulsbu skulle betale sakskostnader og måtte lova å ikkje hindre vatningsvatnet deira, men heller hjelpe det fram. Eli Valbjør vitna om at Valde hadde rett frå den nørdre bekk Senda.

Same året er det sak mellom Berge og Valde. Imbert og Jon Valde hadde skade på kornet fordi dei ikkje fekk fram vatnet, medan Nils Berge hevda at trotaka til Valde-karane lak og gjorde stor skade. Eit år skulle Imbert Valle ha slept på så mykje vatn at det braut åker. Det vart forlik: *Valde-mennene skal la vatnet sitt gå over Berge-jordet når det ikkje kan følgje felles vassveg, dei skal halde så gode trolag at Berge-jorda ikkje tek skade og ha tilsyn med dei. Berge-mennene skal fyrst ha det vatnet dei treng før andre får noko. Etter dette let Imbert Valde falle si tiltale mot Nils Berge for avlingssskade.*

Sande - hadde felles vatn med Bergegardane frå inntaket i nørdre Åa ein del høgre opp enn Valdeinntaket, jmf. sak frå 1681 om at Valde skulle ha vatn etter Berge. Det var trotak over søre Åa der Uppigard Berge har inntakskummen i dag. Vidare gjekk vassvegen like utanfor Kvernhusaugen og kom ned der vegen til Mork tek av. Nigard Berge hadde tro over Lusa og utmed og ned på jordet. Vatnet til Sande gjekk ned i Lusa. Fordelinga mellom gardane var at Sande skulle ha to vatn, medan Bergegardane skulle ha kvart sitt. Frå Lusa gjekk det trotak frå utanfor Nigard Berge (like ovanfor grinda), over Nigard Bergejordet og utanfor stugu i Sandebakken. Ei jordvassår i Bergejordet vart tilført med ei stutt tro. For at trotaket ikkje skulle bli skipla, hadde ikkje Berge lov å ta utor meir enn ei tro over jordet når dei skulle lenger ned på jordet. Likeeins var det med Valdetrotaket øvst på jordet.

Frå Sandebakken rann vatnet beint nedover i ei veit (kan ha vore trør tidlegare) og vidare i trør på skrå nedover til hafella austafør øvre/nørdre hjørna på Sandejordet. Vidare fylgde trotaket hafella til beint ovafor husa, der det gjekk beint nedover. Der vart det ei stripe på jordet som vart brukt til å snu, slik at det aldri vart pløgt. Vidare gjekk trotaket i sving forbi husa, under vegen sør for låven og sørover ein stubb etter høgste Leiren. Vatnet i Kjeldberget vart leidd inn i dette trotaket med trør nordover høgt på jordet. I tillegg til trotaket nedover mot husa gjekk det trør nedover lenger nord, kanskje midt på Ekra, og vidare under vegen.

Vatnet vart ført fram frå Lusa om morgonen, det var da å fylgje det nedover og kanskje tette lekkasje. Om kvelden måtte ein ta av vatnet att i Lusa, men det vart òg ropt opp til

Gunhild Sandebakken om ho kunne bruke vatnet. For å vatne søre delen av jordet hadde Sandebakken trotak som gjekk halvmidt oppå øvre jordet på Nigard Berge. Det var berre ei smal remse mellom dette og Valde-trørne. Sandebakkrørne gjekk innanfor vegen som gjekk sørover mot Ulsbu, over i hamnlykkja og svinga utmed dyrkajorda på Berge og vidare ned i Sandebakken. Truleg var dette trotaket også brukt av Berge.

På Sande vart det kjøpt inn gamle brannslangar på 1920-talet og fyrst brukt berre dyse. Seinare gjorde Amund Berg ein vatnar. Samtidig med dette vart det likevel rent på. Vatnet frå Lusa vart delvis brukt fram til 1955. Men enkelte trør vart erstatta med jernrøyr. Etter tørkesommaren i 1955 vart det bygd vatningsanlegg frå elva i 1956.

Kjelder: skrifteleg av Knut Raastad. Knut sine munnelege kjelder, Hans Raastad og John Mork

10. Lengst vest i grenda finn vi elva Dipra og Dipertjern som er hovudåra for dette området. Vatn frå her har gjeve grønt gras på mang ein turr rabbe. Vi begynner med Trelvikveita som truleg var fyrste veita. Uttaket er innafor Kvitfossen. Ho renn nedover mellom Trelviksætra i vest og Grev-/Grevrust- og Ulsandsæter i sør/aust. Vidare ned gjennom Styggeholet dei kallar og ut over ufser og berg til Trelviken der ho renn ut i Vågåvatnet. Ho gav vatn til både Storsteinrusta og Trelviken. Veita er ikkje lenger i bruk, for nå er det vatningsanlegg frå Vågåvatnet.
11. Nebbneseveita startar nedanfor Kvitfossen. Ho gjekk ned ved Nørdre Nistingssætrene. Fritt fall hadde ho utover bakkane ned til Flåten og Heggerusten til ho nådde Nebbeneset.



Start på vassveit vest for Nistingen, foto A. Kvarberg

12. Litt lenger fram tok Vetlesæterveita til. Ho gjekk sørover fjellet forbi søre Nistingssætrene og nedover innafor øvre og nedre Brittbrekka til ho nådde Rustom. Vidare ned nørdest i Vetlesæterjordet til ho nådde øvre Sveum. Gjekk så gjennom jordet i baa Sveums-heimane til ho nådde dei bratte Ursand-berga og rann ut i Vågåvatnet mellom nørdre og søre Ursand.

13. Den siste veita austover frå Dipra er kalla Ursandveita. Ho høyrer til Groven og Ursand. Uttaket er der som stigen mellom søre og nørde Nistingen går over. Ved starten ligg det også i dag ei vademme med hol. Vademme er ein flat stein eller ei helle i veita slik at det tok åt passeleg med vatn. Dette var gjort for å hindre utgraving og overfløyning. Veita går sørover lia forbi Myrengskvea og ut på Spranget. Der er det bygt ei demming for å få ho ut på søre sida. Der kan ein og dele vatnet så noko går ut i eit bekkefar som går nedover nordre Tassmyra og fell ut i Dipra att. Veita går så ut over Spranget og ned ved Søre Tassmyrhaugen. Vidare ned over gjennom Grovdalen og nedover Grovjordet. Så går ho tvers igjennom jordvegen i Sveums-heimane og ned i Ursandberget til ho går saman med Vetlesæterveita.

Når det vart lite med vatn, noko som nok kunne hende, vart det nok litt krangel og kiv brukarane mellom. Budeiene såg derfor sitt snitt til å leie vatnet til andre veiter. Det er sagt at Trond Eklestugun låg i reinskinnspose og vakta når det kneip.

Kjelde: 10 – 13 skrifteleg, Ragnhild Aabakken Groven

14. Vatning i Trælviken, Hesturda, Sandviken og Trollaldalen.

Trælviken hadde òg vatn frå Dipra. Veita starta i utlaupet av Grønlidalen slik at vatnet frå der vart med. Truleg har det vore eit demt vassreservoar inne Grønlidalen. Tidlegare hadde Trælviken vatn frå tjønna på Trolldalskampen, og dette har òg vore brukt i seinare tid til å vatne nørde del av jordet.

Hesturda hadde vatn frå Ulabekken. Vatnet dit kom frå Tronget, og i tillegg var det tilførsel av vatn med veit frå nord og aust for Svarttjønna.

Sandviken og Trollaldalen hadde vatn frå Trolldalstjønna. Dette er ei tjønn som er oppdemd noko. Etter at Kristoffer frå Midti-Vetlsæter kom til Sandviken ca 1890, vart det grave veit frå Tronget og ned i Trolldalstjønna. Dette vatnet hadde tidlegare hatt fall til nedre Teppinga der bl.a. Nyrnes hadde vatn frå. Det er sagt at Kristoffer fekk dette fordi han var gift med ei frå Nyrnes. Det vart også grave veit frå Svarttjønna mot Tronget/Trolldalstjønna, og vatn sør for Svarttjønna vart også teke med. Dette førte til konflikt med gamle Hans Vetlberget som dreiv Hesturda. Trongtjønna vart demd i 1938 av Asbjørn og Otto Trollaldalen.

Kjelde, skrifteleg Knut Raastad

Andre skriftlege kjelder til vassveiter/vatning:
Avtale om Dippertjernet 1899
Utskrift av tingbok
Årbøker for Gudbrandsdalen,

Fiske og fangst.

Dippertjernet har også vore nytta til matauk i form av fiske. Tjernet var oppdemt og det har vore slept fisk der. Syver Sveum og Anton Sandneshagen bar fisk oppover i spann og slepte der. Amund Flåten, f 1897, slepte òg fisk der fleire gonger både på 1930 talet og så seint som 1945. Siste gongen tok han og dottera Marie skyss med mjølkebil til Finndalen og gjekk derifrå. Det var Øyvind Martinsen som kjørte mjølkebil. Dei bar fisken opp, åt nista og var nede att ved firetida om morgonen. Amund bygsla tjerna ein periode. Han hadde også båt der. Marie minnest at fisken var svært feit og fin. Ein hugsar at Amund Flåten og Jakup Holen kom ned att med ein fisk på 4,2 kg ein gong, så mattilhøva skulle liggje til rettes. Ved eit uhell vart damluka og meir til riven ut, så småfisken låg att i veiter og trør. Det har òg i seinare år vore slept fisk der. Vågå fjellstyre slepte 200 "einsomringe" i 1995 og 200 "tosomringe" i 2000. Etter at demminga vart øydelagd, ser det ikkje ut til at fisken overvintrar. Det hadde derfor vore spanande å få demt opp at Dippertjerna. Elles er det ein og annan småfisken å få i Dipra.

Kjelder: Ragnhild Aabakken Groven
Marie Flåten Herberg



Reinsgrav nord for Skaihø, foto A. Kvarberg

Av fangstanlegg til rein og elg har Ø. Mølmen registrert fleire i området rundt Skaihø, mest på Loms- sida. Bågåstøanlegget i dalsøkket mellom søre Rundhaugen og Skaihø er det største som er registrert i sør-norske fjell. På Vågå-sida finn vi to fangstgraver for rein bak Skaihø. Slik dei står i dag, er den eine ca 1,30 djup, 1,00-1,10 brei og ca 2,20 lang.

Kjelde: Øystein Mølmen: Jakt og fagstkultur i Skjåk og Finndalsfjella

Det er også dyregraver aust og opp for Grev, på utsida av Hansvegen. Området er kalla Gravi`n.

Kjelde, munneleg tradisjon

Det var elles vanleg i Nordherad som andre plassar å fange rype med snare. Likeins var det vanleg med røyskatt og ekornfeller. Det var gjerne brukt 4-tals gildre, 2 stutt-tre og ei langspildre med åte på. Den dag i dag kan ein finne heller med felltre under overhella. I 1920 og 1930- åra da det var vanskeleg med arbeid, var denne jaktforma i tillegg til revejakt eit tilskot til hushaldningsøkonomien, i enkelte tilfelle einaste inntekt. På 1920 talet og oppover jakta Iva og Tor Viste myke rev i området Vangsberga, Tingsvaet og Lindalen. Dei posterte og jaga. Men i baksida ved Vågåvatnet budde det ein konkurrent, også ein god jeger. Det er sagt at han ofte sat og fylgde med desse to og reven, som ofte gøymde seg i bergskortene i Vangsberga. Når Vistekarane hadde jaga forbi, tok denne jegeren turen over isen, fann reven og skaut han.


Kjelde; Øistein Kvarberg

I «nyare» tid frå ca 1970 og utover var Vanglandet pelsjegerforening aktive når det galdt revejakt. Fyrste år med møte og lagsbok var sesongen 1971-72. Medlemar i laget var Anton Hjellum, Ola Høgberget, Ivar Vang, Steinar Grevrusten og Johan Hølmo. Seinare vart Ola Barikmo og Harald Moen med. Frå lagsboka finn vi at skinnprisen i 1970 var ca kr 5 og skotpremien kr 50 pr rev. Ved skinnsal i 1977 oppnådde beste skinn kr 440. Skotpremien var nå gått ned til kr 25. Tyngste reven vart felt 11. november i 1981 og var 8,5 kg. Beste sesong var 1974-75 med 13 felte revar. Frå 1981 og utover vart det registrert skabb, og bestanden av rev gjekk attende.

Kjelder, Ola Høgberget
Ola Barikmo
Protokoll til Vanglandet Pelsjegerforening

Andre kulturminne.

- 1 Skålgroper. Det er registrert slike offergroper på 5 plassar i søre Nordherad. På ein bergerygg ved innkjøringa til Rydland er det hogd inn 16 slike små runde groper. Ved Fjellheim er det registrert slike funn på ein bergrygg på utsida av Øvre Nordheradsveg, ved Bjønkleivbakken. Her er hogd inn 9 groper. På Resvold er registrert 3 slike groper på ein laftstein under eit stabbur. I Hellehamnlykkja sør for Hellelykkja er det òg nokre slike groper på ein stor stein. Like eins er det eit felt med 20 groper i Brattlandjordet - i hellinga utover mot Vågavatnet. På Vetlbakkberget, i hamnlykkja til Nedre Kvarberg er det eit særst stort felt. Skålgropene er 3- 4 cm i tverrmål og ½ - 1 cm djupe. Nokre av desse på N.Kvarberg er større, 6-7 cm i tverrmål og 1 ½ - 2 cm djupe. Det er meint at skålgropene skal vera offerskåler i samband med soldyrking og skriv seg truleg frå bronsealderen, ca år 1500 - 500 før Kristus. Alderen blir etter dette ca 2500 - 3500 år. Det er ingen munnleg tradisjon på kva tid desse gjekk ut av bruk.



Skålgrop på Vettlebakkberget, foto Geir Holen

- 2 Smørsteinen er ei stor steinblokk som ligg i hamnlykkja til N. Kvarberg, heilt ytst på Tingsvaet. Tradisjonen seier at folk gjekk hit og smurde smør på steinen når sola kom att. Dette i trua på at det skulle bli eit godt år. Skikken skal ha halde seg til for ca 130 år sia.

Kjelder pkt 2. Munneleg tradisjon v/ Knut H Ryen og Sigurd H Ryen

- 3 Labbestein. Her skifta folk frå «labbestrand» i Nordherad solside frå labbar til sko når dei kom gåande og skulle til Vågåmo, og omvendt når dei skulle heim att. Dette var gjort for å spara sko i steinute råk. Steinen er opp og litt vest for Sandnesurda i Nedre Nordherdadsveg, nemnt som Solsidevegen.

Kjelde, Munneleg tradisjon

4. Torv-myrrer. På Langmyrene, som ligg på utsida av Visdalsvegen og vassveitene til Felese og Kvarberg på Valbjørsteigen, har det vore teke torv til strø. Heilt til for nokre få år sia stod det att eit lite hus med 3 vegger og tak til å lagre torva i som vart brukt til strø etter at ho vart turka og male. Det knyter seg ei spesiell hending også til dette huset frå siste verdskrig. Det var truleg i 1942, meinte han som var gardskar på Valbjør i 1941, - 42 og -43. Det kom illegal melding om at tyskarane kom og skulle sjå kor mykje korn som var på garden. Da kjørte Thor, som var brukar den gongen, og gardskaren korn frå garden og hit opp ei heil natt for å gøyme unna. Dei var nok heldigare dei enn ein annan som køyrde i samme ærend ein annan plass i bygda. Her hadde det vorte hol på ein strisekk slik at det rann ut korn, og heile veggen vart merka.

Kjelder, Arne Kleppe
Øistein Kvarberg

Vidare er eit område på vestsida av nordre Åa kalla Torvstrømyrin, Her står ennå att rester etter hesjer som torva vart turka på. Kvar gard hadde si hesje (hes). Folk i grenda hugsar at Øyvind Trollaldalen, som var gardskar på Nigard Berge frå 1932 og utover, tok torv her.



Rest av trovhesj på Torvstrømyra, foto A. Kvarberg

Kjelder, Live og Einar Hårstad.

5. Ulvegrav, eller ulvestugu. Dette er eit sjeldant kulturminne som vi finn ca 300 m nord-vest for husa på Aabakken. Fangstanlegget er plassert på/i ein grusrande. Diameter ca



Ulvegrav på Aabakken, foto utlånt fra Aabakken

4,70 og djupn i dag 2,80 - 3,0 m. Veggane som er mura av liten stein, skrår litt inn oppe slik at det skulle vera vanskelagare for ulven å koma seg fri. Midt i den runde ulvegrava var det jorda ned ein stolpe høg som grava var djup. Oppå stolpen var det plassert ein lem som åta vart festa på. Åta kunne og vera ein levande hund, bunden fast til lemmen. Som hunden stod der og gøydde skulle han lokke ulven til grava som var dekt med kvist og mose mellom ytre kant og lemmen.

Ulvegrava var undersøkt i 1988 under

leiling av Edvard. K Barth. (særtrykk frå årbok nr 12 NORSK SKOGBRUKSMUSEUM Skogbruk, jakt og fiske 1987-1989)

Kor gamalt dette fangstanlegget kan vera, er ikkje nemnt i samband med arbeidet i 1988. Ola Aabakken kunne fortelja at siste ulvens om var fanga i grava, var det året bestefar hans gifta seg i 1860.

Det skulle vera i 1860 åra siste gongen ulv tok husdyr på Uppigard Kvarberg. Ei geit måtte bøte med livet bakpå Lækje-bakken, svingen/bakken i Dalvegen rett ved der ljosløypa kryssar. (munneleg tradisjon e/ Øistein Kvarberg)

Kvar vart det av ulven etter denne tid? Frå gamalt vart det sagt at ulven vart skremt av mineringa frå vegarbeidet i Ringnesberga.



Halsband for hund til vern mot ulv, foto Geir Holen

Biletet er nok meire samansett. Bestand av hjortedyr var nok ei viktig årsak. Med liten tilgang på byttedyr, vart ulven lettare å ta på gift og åte. Gift var lovleg jaktmetode på den tida. Like eins kom det betre jaktvåpen.

Kjelder, skrifteleg, Sonja og Edv. K Barth Fangsthistorisk rapport, Særtrykk fra årbok no 12 Norsk skogbruksmuseum 1987 – 89

John Unsgård og Nils Petter Vigerstøl: Ulv i Noreg.

6. Krossen. Namnet og symbolet seier oss at her har einkvan mista livet. Det er fleire segner, men det skulle ha vore ei kvinne som var innom og ba om husrom for natta nede i grenda og fekk nei. På vegen vidare hadde ho gått feil ein plass vegen/råket delte seg. I staden for å gå vestover Månvegen og nordover i grenda, hadde ho gått bakover mot Langmyrene. Ho vart drepen av ulv, og berre noko av ei hand og ein fot vart funne her dagen etter. Krossen er på oversida av vegen som går opp i skiferberget på Valbjørsteigen, ca 50 - 60 m opp for området der råket frå Kluftsteinen kjem. Krossen er innteikna på eit kart over søre grenda som er på Valbjør. Kartet er datert 1755.



Krossen, foto A. Kvarberg

Kjelde. Munneleg tradisjon

7. Mosetak og hending kring dette.

I Nordheradsfjellet var det og vanleg at gardane henta mose som tilleggsfor år om anna. For dei fleste var det nok helst etter turre somrar med dårleg høavyling, - sommaren 1933 var ein av dei. Dette var einaste gongen Øistein Kvarberg (1914 — 2003) hugsa at det var henta mose til Uppigard Kvarberg. Det har sjølv sagt vore henta mykje mose som tilleggsfor i tidlegare tider.

Under krigen var Arne Kleppe og Harald Jordet gardskarar på Valbjør. På biletet ser vi karane utstyrt med moserive og moserep i arbeide i Nordheradsfjellet. Biletet er utlånt av Gunnhild Løchen.

Ingeborg og Olav Skogen har sett opp att merkesteinane etter ein moseveg i nørre grenda - frå Sandvaet innover Rupslekkom. Stort sett vart det nòk sankt mose etter heile fjellet frå Hovdan, innafor Valbjør/Visdal og til grensa mot Lom.

Forekomstene av mose i Nordheradsfjellet var mindre enn lengst inne i Sjudalen. Taksta eller akkorden var 3 lass pr dag/mann i Sjudalen. I Nordheradsfjellet var taksta 2 lass pr dag.



Det var i ærend etter mose Einar Veslehagen mista livet. Han hadde vore inne i fjellet ein vårdag med dragkjelke og skulle hente ned mose som var sankt hausten før. Etter at han hadde velta mosehaugen på kjelken tok han fatt på heimvegen. På heimturen passerte han ei snøfonn som skrådde nokså bratt utover eit fjell. Her tok kjelken til å skli, samtidig som kjelken "skaut" fart og det bar utfor den bratte fonna. Einar kom seg ikkje laus frå skjekene, og vart med utover saman med kjelke og lass. 200 meter lenger nede i ei steinur fann dei han att død.

Staden som etter dette har vorte kalla Einarspranget ligg langs sætervegen til Søre Nistingen. (kart Hovdkinn D 1 no 65. Kartet er innrama og heng på Midtli)

Kjelde, skrifteleg om Einarspranget; Sagt og Skrivi gjennom ti-in 1993 s. 41.

8. Gravhaugar og gravfunn.

På Valbjør og Kvarberg er det gjort gravfunn. Under pløying på Valbjør i 1926 vart det funne tvieggja sverd, ein spjutspiss, ei øks, ein kniv og ein liten ring av jern.

På Valbjør, vest for innkjøringa til tunet, rett på utsida av bygdevegen i Nordherad ligg ein sikker og sannsynleg gravhaug.

Funna frå Kvarberg, bronsespenne og treflika spenne i bronse har ein ikkje detaljert oversikt over kvar desse er funne. Det er heller ikkje registrerte gravhaugar rundt gardane som ein veit om i dag.

Kjelde: Bygdebok for Vågå og Sel, bind i s 13 1-133

9. Myrmalm og jernslag.

Like vest for Nedre Hågå-svingen er det påvist slaggunn i eit lite område. Slagget må stamme frå smelting av myrmalm, truleg frå eldre jernalder. Det er ikkje påvist omn eller restar etter liknande i området.


Kjelde: Ola Høgberget

Takk

til alle som har bidrege med opplysningar og hjelp undervegs.

Spesiell takk til Geir M Holen for skanning av fotografi, oppsett og kopiering.

Likhets kirst jorden og plet af saven for garten paa garten omkring
 hvor de sigt vedder og falden og de alle paa jorden sigt sigt sigt sigt
 12 af 13 September 1757.



Den 21. Decbr 1757
 B. H. 1757

Garden mellem A og B	B
Spaae sigt sigt sigt	C
Spaae sigt sigt sigt	D
Spaae sigt sigt sigt	E
Spaae sigt sigt sigt	F
Spaae sigt sigt sigt	G
Spaae sigt sigt sigt	H
Spaae sigt sigt sigt	I
Spaae sigt sigt sigt	J
Spaae sigt sigt sigt	K
Spaae sigt sigt sigt	L
Spaae sigt sigt sigt	M
Spaae sigt sigt sigt	N
Spaae sigt sigt sigt	O
Spaae sigt sigt sigt	P
Spaae sigt sigt sigt	Q
Spaae sigt sigt sigt	R
Spaae sigt sigt sigt	S
Spaae sigt sigt sigt	T
Spaae sigt sigt sigt	U
Spaae sigt sigt sigt	V
Spaae sigt sigt sigt	W
Spaae sigt sigt sigt	X
Spaae sigt sigt sigt	Y
Spaae sigt sigt sigt	Z

Den 21. Decbr 1757
 B. H. 1757